


Andre tilhøve

Ved ekstreme og vanskelege vertilhøve kan standard-spesifikasjonane fråvikast.

Føresetnaden for at det tekniske innhaldet i standarden kan oppfyllest, er at kommunen har budsjettmessig dekning for gjennomføringa.

Suldal kommune utfører og brøyting og strøying av private vegar. Dette vert utført etter abonnementsordning. Kunngjering om dette, og til ei kvar tid gjeldande prisar, vert gjort kjent gjennom Suldalsposten.



Praktiske opplysningar og eventuelle klager

Dersom det skulle vere spørsmål knytta til standarden eller klager på tenesta, kan du ta kontakt med Kommunale bygg og eigedomar, teknisk drift på telefon 52 79 22 00.

Praktiske opplysningar

Postadresse:	Suldal kommune 4230 SAND
Besøksadresse:	Garaneset på Sand
Opningstid	Måndag - fredag kl 08.00 - 15.30
Telefon:	52 79 22 00
Telefaks:	52 79 24 05

VINTER- VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE VEGAR



Definisjon av vegnettet

Hovudveg/Samleveg.

- Vegar for kollektivtransport og skuleruter
- Sentrumsgater
- Industriveg
- Tungtrafikkveg
- Hovudtilkomst til bustadområde

Tilkomstveg.

- Kjørevegar som ikkje er samlevegar
- Interne vegar i bustadområde
- Stikkvegar
- Bygdevegar som ikkje er hovudvegar/samlevegar.

Gang- og sykkelvegar.

- Vegnett utan biltrafikk, eller
- der eventuell køyring skjer på dei gåande sine premissar
- Gatetun
- Torgplassar.

Teknisk innhald i standarden

Brøyting, snørydding og strøying av kommunale vegar skal ha følgjande kvalitet:

Ved snøver om natta skal hovudvegar/samlevegar vera gjennombrøyta før kl 0700. Utløysande snødjupne 7 - 10 cm. På laurdagar vert fristen for gjennombrøyting sett til kl 0800. For søn- og helgedagar kl 1000.

Mellom kl 2200 og kl 0700 må trafikkantane godta vanskelegare køyretilhøve enn om dagen.

Tilkomstvegar skal vera gjennombrøyta før kl 0800. Utløysande snødjupne 10 - 12 cm.

Gang- og sykkelvegar skal brøytast så godt at gåande ikkje vel å gå i køyrebanelen.

Dersom det er så glatt at normalt vinterutrusta bilar ikkje kan koma opp bakkar m.v., skal det punktstrøyast i bratte bakkar, og mot vegkryss.

Når friksjonskrava tilseier det, skal punktstrøying vere utført før morgon- og ettermiddagstrafikken startar, hhv. kl 0700 og kl 1500.

Nødvendig snørydding for utrykningskøyretøy som ambulanse og brannbil skal prioriterast. Brøyting for nøkkelpersonell knytta til helsetenesta, amulanse og brann skal og prioriterast.

Parkeringsplassar og gatetorg skal brøytast med same standard som vegnettet. Desse plassane skal ryddast så snart hovudvegar og tilkomstvegar er gjennombrøyta.

Utbrøyting av vegnettet vert gjort umiddelbart etter at vegnettet er gjennombrøyta.

Private avkøyrslar vert normalt ikkje rydda for snø.

Innbyggjarane sine pliktar

Fortau i sentrumsgater skal haldast rydda for snø. Det skal strøyast etter behov.

Parkerte køyretøy må ikkje vera til hinder for brøytinga. Parkerte bilar på kommunal veg kan bli frakta vekk på eigaren sin kostnad dersom parkeringa hindrar brøyting og trafikkavvikling.

Dersom kommunen si brøyteteneste påfører privat eigedom skade, må dette meldast til teknisk drift straks.

Tømming/deponering av snø frå private vegar og avkøyrslar skal ikkje skje på offentleg veg.

